Sensorrettleiing STV1501 H-2025

Begge oppgåvesett er relativt krevjande: dei krev god oversikt på tvers av pensum. For å få god karakter skal studenten svare på (alle delar av) oppgåva. Poenget med eksamen er ikkje å skrive alt ein kan; det skal vera relevant. Gode grunngjevingar og drøfting trekker opp. Utanomsnakk som ikkje er forankra i pensum vil ikkje telja positivt. Oppgåvene i kvart sett tel i utgangspunktet likt, men sensor skal likevel gjera ei heilskapsvurdering. Ei heilt blank deloppgåve gir F på den deloppgåva.

Oppgåve 1.

a) Gjer kort greie for EUs vedtaksprosedyrar. Kva for rolle spelar kommisjonen, ministerrådet og Europaparlamentet under den alminnelege lovgjevingsprosedyren?

EUs vedtaksprosedyrar er dekt i læreboka, og er dessutan gjennomgått på forelesing. Her bør alle få til noko. Nokon vil kanskje nemne samansetjinga av kommisjonen, ministerrådet og Europaparlamentet. Det er heilt fint, så lenge dei også svarer på spørsmålet. Olsen et al går detaljert gjennom den alminnelege lovgjevingsprosedyren, men nemner også hovudtrekk ved dei andre. Nokon vil kanskje også nemne den opne samordningsprosedyren. Det er ikkje nødvendig, men absolutt ikkje negativt. Det er eit pluss om studentane veit kva den alminnelege lovgjevingsprosedyren heitte før, når den vart innført, og kva for politikkområde den dekkjer (og ikkje). Andre del av oppgåva føreset at studentane veit kva prosedyren går ut på. Dei bør som eit minimum ha fått med seg at kommisjonen har initiativrett og at ministerrådet og Europaparlamentet er likestilte lovgjevarar. Gode studentar kjenner meir detaljert til gangen i prosedyren, inkludert komitéarbeid, voteringsreglar, trilogar og lesingar.

b) Gjer greie for partigruppene i Europaparlamentet. Korleis har voteringsmønsteret i Europaparlamentet endra seg over tid?

Kandidatane må som eit minimum forklare kva ei partigruppe i Europaparlamentet er, og ha oversikt over minst tre av dei åtte gruppene som finst i dag. På andre del av oppgåva bør alle ha fått med seg at MEPs stemmer saman med partigruppa si, at denne tendensen har forsterka seg over tid, men at det er forskjell på gruppene. Det er ikkje forventa at dei går djupt inn i teknikalitetane rundt roll call-votes, men pluss til dei som nemner det. Voteringsmønsteret i Europa har tradisjonelt følgd to dimensjonar: Høgre-venstredimensjonen og den europeiske dimensjonen (pro-europeisk vs euroskeptisk). Etter eurokrisa dominerer den sistnemnte, medan høgre-venstre-dimensjonen har vorte mindre viktig. Pluss om dei har med kva som driv endringa. Veldig gode studentar resonnerer godt rundt kvifor MEPs stemmer med gruppa.

c) Gjer greie for hovudtrekk ved EU-budsjettet og Next Generation EU.

Det står ikkje veldig mykje direkte om EU-budsjettet i pensum, men McCormick tar det opp under public policy (kap. 19) og Olsen et al i kap. 4 og 6 (mest vekt på budsjettmakt), og vi har snakka om det på forelesing. Next generation EU er dekt i artikkelen til de la Porte og Jensen (vekt på kvifor det vart vedtatt).

Budsjett er den eine av to hovudmåtar å drive politikk på i EU (den andre er regulering). Studentane bør ha fått med seg at budsjettet er lite, sjølv etter at taket på 1,23% av BNI vart midlertidig heva til 2% for å dekke lånekostnader knytt til Next Generation EU, og at det må balansere. Gode kandidatar vil kanskje kjenne til at langtidsbudsjett vart innført i 1988 og gjort bindande frå 2009, og at vedtaksprosedyren for inntekter skil seg frå prosedyren for utgifter. Pluss for å nemne dei viktigaste inntektskjeldene og utgiftspostane, inkludert endringar i samansetjinga over tid.

Next Generation EU (vedtatt i 2020) består av ein lånedel (som skal betalast attende) og ein tilskotsdel, og er EUs respons på Covid-19. NGEU skil seg frå tidlegare praksis særleg ved at kommisjonen for første gong tar opp lån på vegne av EU i kapitalmarknadene som så blir delt ut som lån og tilskot.

Pluss for å nemne innføringa av rule of law conditionality (gjeld både budsjett og Next Generation EU) og kva dette går ut på.

d) Gjer greie for hovudtrekka ved EØS-avtalen. Korleis kan Noreg påverke EUs vedtaksprosessar i EØS- og Schengensaker?

Første del handlar om innhaldet i EØS-avtalen, dvs. oppbygginga av avtalen, og kva for politikkområde som er dekt (og ikkje). Det er ein fordel om studentane viser at dei har forstått vedtaksprosedyrane i EØS, inkludert reservasjonsretten, og korleis EU-rettsakter blir implementert i norsk lov. Schengenavtalen er ein separat avtale med eigne vedtaksprosedyrar, og det bør gå tydeleg fram. Andre del av oppgåva krev at studentane har oversikt over saksgangen i EU, kvar i denne prosessen Noreg har tilgang eller kan påverke EU, og forskjellane mellom EØS og Schengen på dette punktet. Eit hovudpoeng er at Noreg som ikkje-medlem ikkje har tilgang til EUs lovgjevande forsamlingar i EØS-saker, men deltar i Fellesorganet i behandlinga av Schengensaker. Til gjengjeld finst det ingen reservasjonsrett i Schengen.

Kandidatar som får A eller B skal svare godt på drøftingsdelen av spørsmålet.

Oppgåve 2.

a) Gjer greie for valet til Europaparlamentet i 2024. Korleis skil dette valet seg frå tidlegare val til Europaparlamentet?

Relevant pensum er her Mudde (2024) og Beaudonnet et al (2024). Tidlegare val er dekt lærebøkene og i i Hix & Marsh (hovudvekt på tesen om andrerangsval).

Nokre element som bør vera med er:

- første val etter at UK gjekk ut av EU – auke i talet på MEPs.
- utviklinga i valdeltaking over tid: nedgangen har stoppa opp
- endringar i balansen mellom dei europeiske partigruppene, og nemne gruppene, inkludert kva for grupper som er nye etter 2024-valet
- framgang for ytre høgre-parti i 2024 og 2019 (og gjerne konsekvensen av dette for voteringsmønsteret)

Det er dessutan ikkje unaturleg å seia noko om valordningar, og om forholdet mellom nasjonale parti og partigruppene.

Gode kandidatar vil trekke inn litteraturen om Europaparlamentsval som andrerangsval, og kommentere i kva grad hypotesane til Reif & Schmitt framleis får støtte. Kandidatar som får A og B bør ha lese artikkelpensum, og det bør gå tydeleg fram.

b) Forklar kva kondisjonalitet (conditionality) går ut på i EU-samanheng.

Oppgåva er relativt open og kan tolkast på ulike måtar. Som et minimum må kandidaten forklare kva kondisjonalitet er.

Kondisjonalitet kan diskuterast 1) i samband med EU-utvidingar, med vekt på kriterium for medlemskap, og 2) i samband med EUs interne bruk av vilkår for å få pengestøtte. Det siste er særleg relevant i samband med brot på rettsstatsprinsipp.

1. her bør kandidaten som eit minimum kunne gjera greie for Københavnkriteria.
2. Rule of law conditionality er EUs svar på democratic backsliding i Polen og Ungarn og har til formål å beskytte budsjettet mot korrupsjon.
3. kondisjonalitet blir også brukt overfor andre mottakarar av økonomisk støtte frå EU, som bønder (miljøkrav) eller U-land (Samoa-avtalen).

Gode kandidatar vil kanskje diskutere kor vellykka EUs kondisjonalitet (vilkår) er når det gjeld å få land til å gjera som EU vil, enten det er å oppfylle Københavnkriteria eller rette opp brot på rettsstatsprinsipp for å få tilgang til EU-midlar. Eit mogleg utgangspunkt er her artikkelen til Schimmelfennig og Sedelmeier (2020). Backslidingslitteraturen er også eit mogleg utgangspunkt. Kandidatar som resonnerer godt bør premierast.

c) Gjer kort greie for EUs utvidingsbølgjer. Vurder deretter med utgangspunkt i pensum utsiktene for ei snarleg utviding av EU.

Oppgåva krev at studentane har forstått kva ei utvidingsbølgje er. Både pensum og forelesingar handlar mest om den fjerde bølgja (big bang) og den pågåande bølgja. Gode kandidatar veit kva for land som høyrer til i kvar av dei fire bølgjene og når dei vart medlem. (Nokon oppfattar Kroatia i 2013 som starten på ei femte bølgje).

Andre del handlar om nåverande kandidatland. Her må kandidatane som eit minimum vite kva for geografiske område desse landa kjem frå og ca. kor mange dei er. Gode studentar veit kva for land det dreier seg om. Sjølve drøftinga kan gripast an på ulike måtar. Veldig gode kandidatar vil kanskje ta utgangspunkt i Schimmelfennig og Sedelmeiers forklaringsmodell. Men det er også mogleg å drøfte utsiktene for snarleg utviding med utgangspunkt EU-nivået, medlemsstatane og/eller søkjarlanda. Eit sentralt poeng i litteraturen om den pågåande bølgja er nettopp at det har gått veldig sakte. For å svare godt på denne delen av oppgåva vil det truleg vera nødvendig å seia noko om prosessen fram til medlemskap, medlemskapskriterium, og kor nær landa er å fylle desse. Veldig gode studentar vil kanskje trekke inn differensiert integrasjon.

Det er ingen fasit her, og kandidatar som reflekterer godt bør premierast. For å få A eller B bør resonnementa i del 2 av oppgåva forankrast tydeleg i pensumlitteraturen.

d) Gjer kort greie for kva EUs demokratiske underskot går ut på, og drøft om EU i dag bidrar mest til å svekke eller styrke demokratiet.

Det demokratiske underskotet handlar om kor demokratisk beslutningsprosessen i EU er, og kva som kan gjerast for å minske det påståtte underskotet på EU-nivå. Men i seinare år har det vore større interesse knytt til kva EU kan gjera for å hindre medlemsland i å bli mindre demokratiske (såkalla democratic backsliding). Dette handlar særleg om Ungarn etter 2010 og Polen 2015–2023. Men slik oppgåva er formulert, er det heller ikkje urimeleg å drøfte kva EU kan gjera for å hindre demokratiske tilbakeslag i kandidatland.

Første del av oppgåva krev at studentane veit kva debatten om det demokratiske underskotet handlar om. Minst 3 av dei 5 punkta til Føllesdal og Hix (2006) bør nemnast. Drøftingsdelen er både meir open og meir krevjande. På den eine sida kan det argumenterast for at EUs demokratiske underskot er mindre etter Lisboa. På den andre sida kan det argumenterast for at EU framleis har eit demokratisk underskot, samtidig som EU i liten grad har greidd å hindre democratic backsliding i medlemsland. Det er eit pluss om studentane har oversikt over dei viktigaste verkemidla retta mot medlemsland så vel som kandidatland. Det er ingen fasit her, og kandidatar som reflekterer godt bør premierast.